

myrkedit 19. jan 19-January-2015

Til Ordføraren i Meland

5918 Frekhaug

Spørsmål vedk. Meland kommune si handtering av krisesituasjonen i samband med det ekstreme uveret som var 10 og 11 jan. 2015.

Ønskjer gjennomgang av denne saka på formannskapsmøte 21.jan. d.å.

Etter å ha lest lokalaviser og høyrt kva som vert sagt av einskilde som på ulike vis vart involvert , som pårørende og tilsette, finn eg det naudsynt å få informasjon om fakta i saka.

Eg har følgjande spørsmål;

Kor tid samla rådmannen teamet som skal leggja til rette for å førebyggja minst mogeleg skade både med omsyn til helse og materielle skader i slike situasjonar.

Korleis verka kommunen sitt arbeid i denne situasjonen opp mot det som kriseplanen har som innhald.

Underteikna ber om ein grundig informasjon om korleis krisa ramma kommunen og kva som faktisk vart gjort og kor tid.

I følgje avisa Nordhordland er det politikarane som har nedprioritert aggregat til Meland sjukeheim fordi me skulle ut av ROBEK lista.

Dette er ukjent for meg og vil ha klart svar på kortid underteikna var med på å gjera slikt bevisst val om nedprioritering. Dersom eg har gjort slik nedprioritering, vil eg be bebuarar og tilsette om tilgjeving.

Når det no er over ei veke sidan det var krise, med straumbrot og lignende reknar, eg med at ein også får ein gjennomgang av kva som fungerte i Meland sin kriseplan og kva som ikkje fungerte 10. og 11.

Ser fram til svar på formannskapsmøte 21.jan.

Sølvi Knudsen
Helsing Sølvi Knudsen